



Reguleringsplanområdet. Planavgrensinga er omtrentleg markert med raudt.

# Reguleringsplan for Massetak Eide

## Planomtale

Datert: 29.06.2020

Til 1. gongs handsaming

Vedtak: Kommunestyret ....., sak .....

## Innholdsliste

Planomtale.....	1
<b>Innleiing.....</b>	<b>2</b>
<b>INNKOMNE MERKNADER TIL PLANOPPSTART.....</b>	<b>4</b>
Omtale av planområdet.....	7
<b>SAKSHANDSAMING .....</b>	<b>11</b>
Varsel om oppstart.....	11
Risiko- og sårbarhetsanalyse – (ROS).....	11
Støy knusing .....	12
Prinsippskisse støyvoll ved knusaren. ....	13
<b>PLANOMTALE FOR MASSETAK EIDE.....</b>	<b>13</b>
Arealbruk:.....	13
Vidare drift:.....	13
Samferdsel og teknisk infrastruktur:.....	14
Landbruks-, natur- og friluftsområde:.....	14
Omsynssoner:.....	14

## Innleiing

Massetak Eide skal drivast av grunneigar Kjell Arvid Nyhus. Uttaket av massar i dette området vart etablert og godkjend som eit hastetiltak/krisetiltak etter den store flaumen i Mørkridselva og Fortunselva hausten 2018. Det varte teke ut relativt mykje massar til dette føremålet, men no byrjar ein å nærme seg slutten på arbeidet med istandsetjing. Grunneigaren ønskjer å vidareføra tiltaket då det er att betydelege mengder masse på staden. I kommuneplanen har området vorte ståande som LNF-område.

Prosjektnamn	Massetak Eide
Planid	2020002
Oppdragsgjevar	Kjell Arvid Nyhus
Representant for oppdragsgjevar	Kjell Arvid Nyhus
Plankonsulent	Siv ing Elias Bolstad
Oppstartmøte	31.01.2020
Oppstartvarsel i Sogn Avis	29.02.2020
Offentleg gjennomsyn i perioden	29.02. - 23.03.2020

**Vedlegg 1: Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS)**

**Vedlegg 2: Profilar**

## Innkomne merknader til planoppstart

Planarbeidet vart annonsert i Sogn Avis den 25.02.2020. Naboar og motbuarar nemnde under vart varsla med eige brev datert 28.02.2020 eller e-post om oppstart av planarbeid Dei offentlege høyringsinstansane er tilskrivne med eige brev.

Grunneigarar/naboar:

Gnr/bnr	Namn	Adresse
17/4	Aud Kirsten Eide	Kongabergvegen 14, 6856 Sogndal
17/6	Robert Bolstad	Bolstadvegen 140, 6876 Skjolden
17/9	Silvija Apeinane	Lustravegen 4406, 6876 Skjolden
17/12-27	Eivind Kvien	Tomtegata 10 C, 3015 Drammen
17/13-25	Erik Fuglesteg	Sørsidevegen 54, 6876 skjolden
17/13-26	Jan Erik Bolstad	Skjolden 6, 6876 Skjolden
17/14	Kjell Eide	Lillehammer, varsla på e-post
17/17	Arne Olav Skagen	Lustravegen 5859, 6877 Fortun
17/18	Gunnar Johannes Eide	Winsnes gate 7, 2212 Kongsvinger
17/19	Ragnhild Olina Yttri	Fotunsdalen 154, 6877 Fortun
17/20	Eirik Nyhus	Lustravegen 4410, 6876 Skjolden
17/21	Egil Rune Skjolden	Gruvemyra 38, 1354 Bærums Verk
17/21	Reidun Skjolden	Volldalsvegen 10, 6884 Øvre Årdal
17/22	Kjartan Skår	Furutun 7, 6907 Florø
17/23	Kjell Einar Ormberg	Eidsbakkane 12, 6876 Skjolden
17/24-64	Bjørn Hauge	Eidsbakkane 16A, 6876 Skjolden
17/24-64	Kristin Hauge	Eidsbakkane 16A, 6876 Skjolden
17/24-64	Petter Øyen Hauge	Petterbrøtvegen 18, 3550 Gol
17/29	Barbro Nyhus	Skjolden 9, 6876 Skjolden
17/31	Tor Inge Midtun	Sørsidevegen 113, 6876 Skjolden
17/34	Statens Vegvesen	Askedalen 4, 6873 Leikanger
17/38 m.fl.	Skjolden Cruise kai AS	Eggemoveien 199, 3514 Hønefoss
17/39	Vidar Lund	Sagøy 26, 6876 Skjolden
17/43	John Arne Bolstad	Vassvegen 14, 6876 skjolden
17/63	Metre AS	Lustravegen 4401, 6876 skjolden

Offentlege høyringsinstansar:

Luster Energiverk AS	Gaupnegrاندane, 6868 Gaupne
NVE Region Vest	Naustdalsvegen 1 b, 6800 Førde
Fylkesmannen i Vestland	Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger,
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900, 5020 Bergen
Direktoratet for mineralforvatning	Postboks 3021 Lade, N-7441 Trondheim

Frist for å koma med merknader var sett til 23.03.2020. Det har kome inn følgjande merknader til planoppstart (kommentar er skrive i kursiv):

1. Direktoratet for mineralforvatning (DMF), datert 16.04.2020:
  - Det må i planomtala inngå ei skildring av mineralressursen og ei vurdering av om den har dei ønskjelege eigenskapane for den aktuelle bruken av massane. Følgjande moment må inngå i utgreinga:

Sivilingeniør Elias Bolstad, 6876 Skjolden

- Om det er lausmassar (type avsetning) eller fast fjell (kva for bergart)
- Estimert totalt uttaksvolum innanfor reguleringsplanen og anteke årleg uttak
- Kvalitet og kvalitetsvariasjonar
- Bruksområder og marknad på kort og lang sikt.
  
- *Med omsyn til støy vert det synt til ROS-analysen, planomtalen og reguleringsføresegnene. Detaljeringsgraden for driftsplanen vil verta drøfta med direktoratet og kommunen etter at reguleringsplanen er stadfesta.*

2. Fylkesmannen i Vestland, datert 23.03.2020:

- Fylkesmannen saknar ei meir utfyllande og konkret vurdering av planen opp mot kriteri i § 10, andre og tredje ledd, i KU-forskrifta, som grunnlag for å konkludere i KU-spørsmålet. Ved vidare drift av massetaket er det viktig at føresegnene til reguleringsplanen stiller krav om t.d. etappevis uttak av massar, terrengutforming som dempar det visuelle uttrykket og driftstider som avgrensar eventuelle negative verknader for omgjevnadane. Kommunen har ansvaret for å sikra at støytilhøva er tilfredsstillande i høve til plan og bygningslova. Fylkesmannen ser det som viktig at føresegnene har klare krav til avlutning og tilstelling av uttaksområdet, med sikte på å dempa dei negative landskapsverknadene etter avslutta uttak og drift i området.
  
- *Det vert synt til referat frå oppstartmøtet med kommunen den 31.01.2020 med omsyn til KU-forskrifta. Kommunen meiner det er unaturleg i den aktuelle situasjonen å krevje KU og planprogram som ein del av reguleringsplanen, men poengterar at det tema som må utgreiast nærare i planomtalen. Det vert synt til planomtalen også når det gjeld grunnen til avvik frå arealdelen i kommuneplanen.*

3. NVE Region Vest, datert 01.04.2020:

- Etter det NVE kan sjå er det omsyn til tryggleik for skred , og omsyn til overvatn som er mest aktuelle tema for NVE i denne saka.
  
- *Heile området ligg innanfor aktsomheitssona for steinsprang.*

4. Luster Energiverk AS, datert 18.03.2020:

- Energiverket gjer merksam på at planområdet er skissert innanfor 30 meter frå eksisterande 22 kV luftledning og kabelanlegg. Ved eventuelt arbeid nærare enn 30 m må det gjerast sikkerheitstiltak.
  
- *Høgspentlina er markert som omsynsone på plankartet.*

5. Luster kommune, oppstartsmøte den 31.01.2020:

- Massetaket på Eide vart etablert og godkjend som eit hastevedtak/krisetiltak etter flaumen i Mørkridselva og Fortunselva i 2018. I arealdelen av kommuneplanen er området LNF-område med omsynsone for naturfare – ras. Det er framleis igjen relativt store mengder masse og grunneigar ønskjer at tiltaket vert vidareført gjennom godkjenning av ein reguleringsplan. Kommunen meiner at det er unaturleg å krevja KU og planprogram som ein

del av reguleringsplanen, då massetaket er oppstarta og det allereie er teke ut relativt store massar.

- *I Norges geologiske undersøking (NGU) sin kartdatabase er sand- og grusførekomsten vurdert til å ha lokal betydning. Finmassane i dette området er blanda med humus er vurdert til hovudsakleg å ha verdi som jordforbetningsmassar. Uttaket vart opna for å nytta steinmassane i samband med reparasjon av elveforbygning. Steinmassane som er tekne ut er mest rasmassar frå det bakanforliggjande fjellmassivet. Berggrunnen er granittisk gneis som også kan nyttast som murstein i samband til dømes vegskråningar. Jordbruksmessig er området klassifisert som beitemark og skog. Det kjem ned ein bekk frå fjellet på toppen av rasvifta. Det er vatn i denne mest i snøsmeltingsperioden. Vatnet vart i gamal tid leia hit ved hjelp av ei veit frå Lingaelva. Veita har ikkje vore vedlikehalden i den seinare tid. Vatnet i grova vert av eigaren nytta til vatning. Overløpet går til sjøen på sørsida av busetnaden.*

6. Statens vegvesen den 13.03.2020:

- Statens vegvesen har ingen merknader til planarbeidet.


## Omtale av planområdet

### Lokalisering

Planområdet ligg ved foten av fjellet Eidshovden mellom Eidsvatnet og sjøen og er avgrensa av eksisterande høgspenning. Tilkomsten er frå eksisterande gardsveg til garden Eide.

Planområdet er på knapt 104 da.

Føremålet er uttak av skredmassar dvs. stein- og lausmassar, vegføremål og grøntstruktur – vegetasjonsskjerm.



Kartutsnitt område

Det eksisterande massetaket ligg innanfor planområdet. Utanfor dette er det skogsmark og beiteområde. Eksisterande tilkomstveg skal nyttast i den vidare drifta.




Dronebilde av planområdet fra januar 2020



Berggrunnskart, syner at berggrunnen i det aktuelle området er granittisk gneis



Steinmassar, grave fram i massetaket



Lausmassekart, syner at lausmassane er breelvmateriale med lagdelt og sortert sand og grus.





Bredden av massetaket sett mot vest

## SAKSHANDSAMING

### Varsel om oppstart

Planprosessen følger plan- og bygningslova sine reglar, såleis:

- Det er halde oppstartmøte med Luster kommune 31.01.2020 og det ligg føre referat. Med omsyn til krav om konsekvensutgreiing (KU) og planprogram meinte kommunen det er unaturleg å krevja dette. Grunngevinga er at tiltaket er etablert utan at lokalmiljøet har problem med det arbeidet som er gjort til denne tid. Det blei varsla oppstart etter pan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 den 25.02.2020. Det kom inn 6 merknader.
- Fylkesmannen i Vestland saknar ei meir utfyllande og konkret vurdering av planen opp mot kriteria i § 10, andre og tredje ledd, i KU-forskrifta, som grunnlag for å konkludere i KU-spørsmålet. Ved vidare drift av massetaket er det viktig at føresegnene til reguleringsplanen stiller krav om t.d. etappevis uttak av massar, terrengutforming som dempar det visuelle uttrykket og driftstider som avgrensar eventuelle negative verknader for omgjevnadane.

### Risiko- og sårbarheitsanalyse – (ROS)

Reguleringsplanen omfattar hovudsakleg eit område mellom cote 70 og bergfoten på ca cote 110. Markslaget er for det meste beite og lauvskog med eit relativt tunt humuslag.

Aktsemdkartet frå NVE syner at området ligg utanfor aktsemdsoner for jord- og flaumskred. Det vert synt til ROS-analysen (vedlegg).

Det er ikkje planlagd bygging i området. Massetaket vert drifta av tiltakshavaren (eigaren). Sanitæranlegg og oppstillingsplassar for utstyr og maskiner vert plassert ved gardstunet og kjem såleis utanfor omsynssona.


Drifta av massetaket vert tilpassa slik at ein unngår periodar med rasfare.

For ein del av busetnaden som ligg på i den vestvendte skråningen ned mot sjøen vert fåren for steinsprang betra ved etableringa av massetaket. Dette på grunn av rasvifta vert fjerna og det vert planert ut ei relativt stor flate på toppen av området.

Plasseringa av knuseverket er fast og synt på plankartet. Det vert bygd ein støyvoll som beskrive seinare.

## Støy knusing

Knusing vil føregå relativt sjeldan – stipulert til ein til 1 -2 dagar i månaden. For å førebygga støy for naboar og motbuarar vil det verta bygd ein støyvoll i samsvar med kjende prinsipp, sjå prinsipp-teikningar seinare. Plassering av knusar og støyvoll: Sjå kart under.




### Prinsippskisse støyvoll ved knusaren.


Prinsippskisse for skjerming av bustadene i nord og nordvest med støyvoll. Figurene er ikkje i rett skala. Støyvollen skal ha følgjande eigenskapar:

- Maksimalt 10m mellom knusaren og støyvollen.
- Høgde minst 4 m mot nord og nordvest over marknivå til knusar.
- Lengde minst 10 m.
- Bryta siktelinja mellom knusaren og dei støyutsette bustadane med minst 3 m i horisontal retning.

Horisontalt snitt



Vertikalt snitt



## Planomtale for Massetak Eide

### Arealbruk:

Reguleringsplanutkastet på Gnr 17 bnr 1 omfattar eit areal på knapt 104 da. Området ligg mellom gardshusa og foten av fjellet Eidshovden. Arealet er av NGU klassifisert som breelvmateriale med lagdelt og sortert materiale av sand og grus. Den aktuelle situasjonen er er samsvarar ikkje med denne beskrivinga. Grunnen er at mesteparten av massetaket er ei kjele som skriv seg frå rasmassar frå fjellet. Vurdert etter dei tidlegare uttekne massane er om lag 50% av massane stein i vaierande storleik. Resten er lausmassar med eit stort innslag av humus. Det er lite grus- og sandinnslag i massane over ca kote 70. Det kan såleis sjå ut for at grunnlaget for NGU sitt estimat for masseanalyse skriv seg frå området nær FV 55.

Topplaget av jord avdekka før uttaket er teke vare på for å kunna nyttast til tilstelling av området etter avslutta drift. Tiltakshavar vil nytta eit sorteringsanlegg for å sortera ut finmassane i samband med drifta. Desse massane er lett omsetjelege til jordforbetring. Det er ettersurnad etter slike massar i nærområdet mellom anna på grunn av dei omfattande skadene som følgje av flaumane i Mørkridsdalen og Fortunsdalen. Størparten av steinmassane kan nyttast direkte til elveforbygning. Ein avgrensa del av desse må sprengast for å redusera storleiken. Ved hjelp av relativt enkle hjelpemiddel kan ein stor del av steinmassane delast opp og nyttast til murstein i støttemurar i veganlegg og liknande.

I samband med forbygningsarbeidet i Mørkridselva og Fortunselva er teke ut anslagsvis 50 000 m<sup>3</sup> masse, målt opplasta på bil. Etter § 43 i minerallova er det krav om driftskonsesjon ved uttak av meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse. Arealbruken i framlegget til reguleringsplan er:

- 5 da vegetasjonsskjerm mot busetnaden.
- 95 da uttaksområde og lagrings-/bearbeidingsområde for uttekne massar.
- 4 da samferdsel som er tilkomstveg frå gardsveg.

Då heile arealet ligg innanfor omsynsområdet for steinsprang, er det ikkje aktuelt å føra opp bygningar innanfor anleggsområdet. Då det er eigaren sjølv som står for anleggsdrifta, vil det ikkje vera trong for brakker og andre bygningar i samband med arbeidet. Ved drifta i samband med anleggsdrifta etter flauten har entreprenøren leigd oppstillingsplass for sine brakker hos Metre AS nær avkøyringa frå FV 55.

### Vidare drift:

#### Framtidsutsikter

Utbetringa av skadane etter den siste store flauten er ikkje ferdig enno. Ein reknar med at etter kvart som det vert løyvd meir midlar til sikringsarbeid, vert det trong for meir massar. Det er også planlagd ein gang- og sykkelveg langs Eidsvatnet. Denne er komen på kommunen si prioriteringsliste for løyving av spelemidlar. I samband med bygging av denne vert det trong både plastrings- og fyllingsmassar. Dessutan er det ein generell bygg- og anleggsaktivitet i området som krev ein tilgang på massar av ymse typar.

Alternativet for tilgangen på grus- og steinmassar er å transportera dei eksisterande steinbrota på Nes og Indre Hafslø eller opna nye steinbrot i nærområdet. Transportprisane liggja i dag i storleiksorden 1500 kr/lass for transportfråstander på ca 30 km. Dette vil såleis ha vesenlege miljømessige og økonomiske konsekvensar.

### Driftsplan

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) har i si førehandsfråsegn uttala at driftsplanen for masseuttaket skal godkjennast av DMF i samband med tildeling av driftskonsesjon. Driftsplanen skal som eit minimum oppfylle krava som følgjer av DMF sin rettleiing for driftsplan. Etter minerallova av 01.01.2010 skal driftsplanen godkjenast av DMF og utarbeidast etter gjeldande krav. Driftsplanen skal normalt ajourførast kvart 5. år eller etter nærare avtale med DMF.

#### **Driftsomtale.**

Jordmassane på toppen av massetak er tekne vare på og skal nyttast for tilstelling av området etter uttaket.

Ut frå ei marknadsvurdering meiner tiltakshavar det er aktuelt med eit årleg uttak av om lag 5000 m<sup>3</sup> fast masse kvart år framover for levering i nærområdet. I tillegg kjem eventuelle leveringar til det offentlege i samband med anleggsarbeid. Ved bruk av knusar og sorteringsverk er det aktuelt å produsera veggrus av god kvalitet.

#### **Støy.**

Støyutrekningar er ikkje gjorde. Knuseverket er tenkt plassert som synt på vedlagd kartutsnitt.

#### **Etterbruk.**

Før oppstarting av masseuttaket var området nytta til beitemark som ein del av jordbruksarealet på bruket og er klassifisert som LNF-område. Etter uttaket av stein er avslutta kjem arealet til å gå attende til beitemark.

#### **Samferdsel og teknisk infrastruktur:**

##### **Eksisterende tilkomstveg til eigedomane.**

Eksisterande tilkomstveg til bruket vert ikkje endra. Tilkomstvegen til massetak vert tilknytt gardsvegen ved driftsbygningen som synt på plankartet.

##### **Interne vegar.**

Då det ferdig planerte området vert relativt flatt, vert det ikkje bygd permanente interne vegar.

#### **Landbruks-, natur- og friluftsområde:**

##### **Jord og skogbruk.**

Denne delen av beiteområdet var tidlegare av marginal verdi pga at rasvifta var relativt bratt. Etter ferdig uttak vert det øverste området planert og vert såleis betre eigna som beiteområde for storfe.

#### **Omsynssoner:**

##### **Skredfarleg område.**

På NVE sin oversikt under [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no) er området innanfor fåreområdet for steinsprang.

I nærområdet til høgspentlina vert avsett eit vegetasjonsbelte som dempar innsynet til massetak frå nærområdet.